



## Fylkesmannen i Vestland

Alver kommune  
Havnevegen 41 A  
5918 FREKHAUG

Vår dato: 06.02.2020  
Vår ref: 2019/5206  
  
Dykkar dato: 08.01.2020  
Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

### Uttale til 2. gongs offentleg ettersyn av detaljregulering for Manger Sentrum Aust i Alver kommune.

Vi viser til brev frå kommunen datert 03.01.2020. Saka gjeld andre gongs offentleg ettersyn av reguleringsplan for Manger sentrum aust.

Til første gongs offentleg ettersyn hadde Fylkesmannen merknader til handtering av vassdrag og kantvegetasjon. Heilt konkret meinte vi at det måtte gjerast greie for om det er sjøaure i bekken som renn igjennom planområdet. Vi meinte også at det må settast ein grønstruktur på begge sider av bekken i plankartet og at føresegns 8.1.1 og 9.1.3 må endrast slik at det ikkje vert tillate med inngrep i bekken utan løyve.

Vi kunne ikkje finne at innspelet vårt til første offentleg ettersyn har vorte vurdert eller tatt omsyn til i planarbeidet. Vi har difor vore i dialog med kommunen og har fått oversendt ei vurdering av uttalen vår gjort av Multiconsult jf. epost frå kommunen av 23.01.2020. Kommunen skriv også at dei er innstilt på finna best mogleg løysing for dei temaa vi har peika på.

#### Sjøaure

Multiconsult skriv at det ikkje er «*direkte usannsynleg at det går sjøaure i elva, men me fant ingen dokumentasjon/stadfesting på dette i samband med planarbeidet.*» Fylkesmannen meiner at om det ikkje er kartlagt om det er sjøaure i elva, så må planen leggje til grunn at det er sjøaure der. På bakgrunn av dette meiner vi at føresegns 8.1.1 må endrast slik at det ikkje vert opna for tiltak i vassdraget utan løyve.

#### Kantvegetasjon

På vår merknad om kantvegetasjon og grønstruktur har Multiconsult svart at:

*«Me har bevisst søkt å leggje til rette for mest mogleg areal mot elva/bekken som grønt for at bekken vert forsterka som del av ein blågrøn-struktur med kvalitetar knytt til rekreasjon, friluftsliv og uteområde, men me følte landbruk, næring og BOP hadde prioritett i desse områda. Det har vorte gjort plangrep for å sikre mot erosjon, men kantsonar-/vegetasjon med omsyn til naturmangfold er lite vurdert og konkretisert. Det er ingenting i vegen for å leggje grøntareal på begge sidar, sjølv om det enklaste nok vert å berre legge til noko under føresegna til V-formåla og sikringssone H190, slik at me ikkje treng endra plankartet.»*



Som vi skreiv til første gongs offentleg ettersyn, så meiner vi at føresegn 9.1.3 til sikringssoner (H190) må endrast slik at det ikkje vert tillate med inngrep i bekken/kantsona utan løyve. Primært rår vi til at plankartet, i tillegg, vert endra slik at område nærmast bekken får formål grønstruktur. Dette gjer det meir tydeleg at ein ikkje kan gjere tiltak i samsvar med til dømes BOP eller BN i desse områda. Vi finn likevel at vi kan godta at dette vert sikra i føresegn.

#### Konklusjon

Vi meiner kommunen må endre føresegn 8.1.1 og 9.1.3 slik at det ikkje vert tillate med inngrep i bekken eller kantvegetasjonen utan løyve. Vi rår også til at ein legg formål grønstruktur i område nærmast vassdraget.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest Postboks 43 6861 LEIKANGER  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Att. Rolf Raknes

## Fråsegn til offentleg ettersyn av detaljplan for Manger sentrum aust - Alver kommune

Viser til brev datert 3.1.2020 med varsel om 2.gongs offentleg høyring og ettersyn av detaljplan for Manger sentrum aust. Hovudføremålet er å legge til rette for ny brannstasjon.

Planområdet ligg aust for Manger sentrum og er allereie i stor grad utbygd. Den nye planen skal erstatte eldre planar. Planføremåla samsvarar i stor grad med overordna plan.

Vi ga i brev av 25.03.2019 fråsegn til 1.gangshøyring av planen, kor barn og unges interesser og kulturminne vart særskilt omtalt. Det ligger ikkje merknadsskjema ved saka, så det er vanskeleg å sjå om våre innspel er følgt opp i planarbeidet utan å samanlikne dei to framlegga.

Frå 1.1.2020 ble ansvarsområdet for fylkesvegene ble overført til fylkeskommunen, og avdeling for infrastruktur og veg vart oppretta i Vestland fylkeskommune. Avdelinga har merknader knytt til planarbeidet:

### Saksopplysningar:

I reguleringsplan for *Manger sentrum (2007)* vart kryssområdet opp til Solendmyra industriområde planmessig stengt. Det nye planarbeidet skal difor opne opp dette kryssområdet, slik at brannstasjon og industriområdet elles har planmessig heimel til det overordna vegnettet. Det same er tilfellet for to avkøyrslar vest for fylkesvegen, inn til bensinstasjon og bilverkstad.

Det vert også opna for ei utviding av næringsområdet mot nordaust, slik at det tangerer planområdet for *Fv. 565, del av arm mot Manger*.

Planen var lagt på førstegongshøyring i mars 2019. Statens vegvesen vurderte den gong at planframlegget ikkje tok i vare vegfaglege interesser. Det var særleg fokus på kryssområdet mot Solendmyra, og trafikktryggleiken generelt i området. Statens vegvesen hadde møte med Radøy kommune og planfremstillarar i mars 2019, der det vart semje om å endre planframlegget på ein del punkt. Sakhandsamarane hadde etter dette møtet forventa å få eit nytt framlegg til gjennomsyn før den vart lagt på ny høyring.

### Vurdering av planframlegget:

#### Kryssområde o\_SV og o\_SKV2

Det nye planframlegget har retta opp kryssområda mellom fylkesveg 525 og kommunal vegar. Plankartet er påført siktlinjer 6x54m. Vi meiner at siktkravet jf. N100 skal vere 10x54m. Planframlegget må vurdere behov for dråpe i kryssområdet, og følgje vognormalane i handbok N100. Det er og vist tilbaketrekt gang og sykkelveg i krysset, samt at kryssområdet er stramma opp slik at avkøyrslene mot BN2 og BKB2 vidare inn i planområdet er vist i plankartet.


#### Kommunal veg o\_SKV2:

Det kommunale vegen inn i planområdet skal vere dimensjonert mellom anna for utrykkingskøyretøy. I det nye planframlegget er veglinja stramma opp og utvida til breidde på 7 meter. Dette er eit positivt plangrep sett med omsyn på trafikktryggleiken.

Vi meiner at det bør stillast krav om opparbeiding av vegen før det vert gjeve løyve til ny bruk innan planområdet. Bakgrunnen for dette er at vegen betener trafikk innan eit industriområde, med stor andel større køyretøy. Den skal og handtere utrykkingskøyretøy som har krav til rask responstid. Dagens veg er smal og har ikkje rom for at to større køyretøy kan passere. Første del av den kommunale vegen har til dømes ein rubbhall på ei side (BN2) og stabbesteinar på motsett side (BKB2). Det er ikkje mogleg for to køyretøy å passer, og heller ikkje køre ut.

Det er ikkje samsvar mellom planskildring og plankart, når det gjeld køyrebanebreedde, men vi legg til grunn at den skal opparbeidast i ei breidd på 7meter.

Vi meiner og at planframleggget burde vist fortau langs den kommunale vegen.



Del av planområdet med kryssområdet til Solendmarka nord for fylkesvegen.

#### Byggjegrense mot veg:

Det er vist byggjegrense langs fylkesveg 525 på 20 meter. Denne må vise som ei samhengande linje gjennom utbyggingsområda, slik at det ikkje vert lagt til rette for ny utbygging innanfor byggjegrensa.

Vi meiner at byggjegrensa mot den planlagte fylkesvegen aust i planområdet ved BN4, del av *FV. 565 - Arm mot Manger* må haldast på 50 meter frå planlagt vegmidte. Dette for å ha rom for å bygge den prosjekterte løysinga.

Langs den kommunale vegen er byggjegrensa 5 meter frå vegkant. Vi meiner dette er svært knapt og kan medføre at ein utbygging for tett inntil køyrevegen. Dette kan medføre både sikthindring og vanskeleggjere drift og vedlikehald.

#### Rekkjefølgjekrav §3:

§3.1. Det er vist til at teknisk vegplan skal godkjennast av Statens vegvesen jf § 3.1. Sidan Sams vegadministrasjon opphørde 01.01.2020 ber vi om at føresegna viser til «rett vegeigar» eller Vestland fylkeskommune.

Til føresegna må det innarbeidast eit krav om at før det vert gjeve løyve til igangsetjing av tiltak som er eller skal bli fylkesveg må det føreligge gjennomføringsavtale mellom tiltakshavar og vegeigar.

§3.3. Vi ber om at føresegna byter ut nemninga «justert» til «opparbeidd» i samsvar med plan. For kryssområdet gjeld også tilbaketrekt gang og sykkelveg o\_SF6 og avkjørslene inn til BN2 og BKB2.

Dette rekkjefølgjekravet må gjelde vidare enn berre for området o\_BAT. Vi rår til at kravet gjeld for all ny utbygging som skal nytte kryssområdet mot Solendmarka. BN4 er til dømes eit næringsområde som berre delvis er utbygd, og som må vere omfatta av same rekkjefølgjekrav. Også i BN3 er det opna for ny utbygging, og bør vere omfatta av eit slikt rekkekjefølgjekrav.

Vi meiner kommunen bør stille krav om opparbeiding av kommunal veg o\_SKV2 før nye tiltak vert igangsett innan planområdet. Trafikktryggleiken innan området er ikkje sikra før vegen er bygd ut.

Busslommer:

Det er tilrettelagt med to busslommer innanfor planområdet. Det er vist til at busslommene er utvida og tilfredsstiller krav til utforming. Vi har likevel merknad til at det ikkje er gjort vurderingar korleis mjuke trafikantar skal kunne ferdast trykt i området. Det er mellom anna ikkje vist trygge kryssingspunkt i planen.

Sluttord:

Vi meiner at planframlegget har retta opp fleire punkt slik det var diskutert i møtet i mars 2019, under 1. gongs høyring. Det er likevel fleire feil og manglar i planframlegget som må rettast opp før planen vert endeleg godkjent.

Vi har merknad til korleis byggjegrense langs fylkesveg er vist i planen. Byggjegrense mot den ny fv. 565 må haldast 50 meter frå vegmidte.

Utforming av kryssområdet må rette opp siktkrav slik at dei viser 10x54m. Vi meiner trafikkmengda i området krev at det vert tilrettelagt med dråpe i krysset, jf Handbok N100.

Planframlegget må rette opp §3 Rekkjefølgjekrav, slik det er vist til tidlegare i uttalen. Kravet for opparbeiding av kryssområdet må gjelde for alle nye tiltak innan planområdet, og særleg for tiltak innan BN4, som ikkje tidlegare har vore omfatta av planarbeid, men også for BN3 som har ubygd areal i dag.

Vi har fleire råd som gjeld den kommunale vegen og trafikktryggleiken inne i planområdet. Kommunen bør stille krav om opparbeiding av kommunal veg o\_SKV2 før nye tiltak vert igangsett innan planområdet. Dette for å sikre trafikktryggleiken innan planområdet.

Vi ønsker lukke til med ferdigstilling av planen!

Med helsing

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, Seksjon for plan, klima og folkehelse,

Gunhild Raddum – Avd. for mobilitet og kollektiv

Tone Bøyum - Avd. for infrastruktur og veg



## Statens vegvesen

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Ingelin Garen / 55 51 63 45 20/14080-2 20/195 - 7 / 18.02.2020  
RARORA

### **Uttale til detaljregulering for Manger sentrum aust i Alver kommune – varsel om 2.gong offentleg høyring og ettersyn**

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 03.01.2020 – Detaljregulering Manger sentrum aust, varsel om 2. gong offentleg høyring og ettersyn. Merknadsfrist er sett til 19.02.2020.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeid er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### **Saka gjeld**

Saka gjeld detaljregulering av Manger sentrum. Planframlegget opnar for etablering av ny brannstasjon i Manger sentrum. Vidare representerer planarbeidet ei opprydding i eldre reguléringsplanar. Mellom anna for å regulera eksisterande avkjørsler frå Radøyvegen. Etter fyrste gongs offentleg høyring er planframlegget justert. Mellom anna med omsyn til byggjegrenser, kulturminne og plasskrevjande næring.

#### **Statlege retningslinjer:**

Av statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging går det fram at *«Planlegging av arealbruk og transportsystem skal fremme samfunnsøkonomisk effektiv ressursutnyttelse, god trafikksikkerhet (vår utheving) og effektiv trafikkavvikling. Planleggingen skal bidra til å utvikle bærekraftige byer og tettsteder, legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling, og fremme helse, miljø og livskvalitet. Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utvikling av kompakte byer og tettsteder, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlige transportformer. I henhold til klimaforliket er det et mål at veksten i persontransporten i storbyområdene skal tas med*

*kollektivtransport, sykkel og gange. Planleggingen skal legge til rette for tilstrekkelig boligbygging i områder med press på boligmarkedet, med vekt på gode regionale løsninger på tvers av kommunegrensene.»*

### Nasjonal Transportplan (NTP)

Regjeringa vil halvere talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken innan 2024. Trass i ei betydeleg reduksjon i talet på alvorlege trafikkulykker dei siste åra utgjer talet på drepne og hardt skadde i vegtrafikken framleis eit alvorleg samfunnsproblem.

Regjeringa meiner derfor at det er naudsynt med ei kraftig satsing på trafikktryggleik.

Jfr. NTP er det viktig at tilhøva vert lagt til rette for at born kan ferdast trygt mellom anna til og frå skulen. Skulevegen gjev born viktig trafikktrening, samstundes som sykling og gange har miljømessige fordelar og er eit viktig folkehelsetiltak. Utbygging og utbetring av gang og sykkelvegar, samt oppgradering av haldeplassar, er viktige tiltak som bidreg til auka trafikktryggleik og god ferdsel for born og unge.

### Vår vurdering av planforslaget

#### Plankart

Reint kartteknisk peiker vi på at plankartet må påførast storleiken på areal m<sup>2</sup> for dei ulike føremåla. Vi viser til at utnyttingsgrad i denne planen er gjeve i % BYA. Det må synleggjerast kva som utgjer berekningsgrunnlaget.

#### Kryss/avkøyrslar

O\_SF5 har ei uheldig avslutning mot SKV10. Her vert gåande og syklande leda ut i kryssområdet Fv. 525. Når ein legg opp til mykje ny verksemd i området må det og leggast til rette for eit tilbod til mjuke trafikantar (gåande og syklistar) som skal krysse fylkesvegen. Det er naturleg å sjå desse to tilhøva i samanheng. Det må arbeidast vidare med ei løysing på dette punktet.

Vi kan ikkje sjå at tekniske teikningar følgjer med planframleggget. Ut over konsulent sine opplysningar om at dei ulike tiltaka er i høve til handbok N100 er det ikkje mogeleg for Statens vegvesen å vurdere dette. Spesielt gjeld dette utforminga av busslommer. Vi viser elles til våre merknader knytt til § 3.1 under overskrifta «*Rekkefølgjekrav /føresegner*» under.

I planomtala side 16 skriv konsulent: «*Basert på mogleg trafikkmengd for fullt utbygd næringsområde vil det i utgangspunktet vera behov for venstresvingfelt på fylkesvegen. Ei slik løysing tar mykje plass, og ville ført til utfordringar for avkøyrslane til bensinstasjonen på sørsida av vegen. Ein har difor valt å leggja opp til ei løysing utan venstresvingfelt, men har då samstundes skrudd utnyttingsgrada på næringsområde BN1-3 noko lågare enn det som var utgangspunktet.»*

Jfr. tal frå Nasjonal vegdatabank (NVDB) er ÅDT på Fv. 525, 3700 (2018). Reguleringsplanen opnar for betydelege bygningsvolum. Statens vegvesen kan ikkje sjå at det er gjennomført ei trafikkanalyse eller synleggjort andre berekningar som gjev grunnlag for å sei at kravet til venstresvingfelt ikkje er til stades. Konsulent viser berre til at utnyttingsgrada i BN1-3 er

justert ned. Slik vi vurderer det er reguleringsplanen for dårleg utgreidd på dette punktet. Dersom det er krav om venstresvingfelt jfr. handbok N100, skal framlegg til ei anna løysing fråvikshandsamast.

#### Rekkjefølgjekrav /føresegner

Det følgjer av planføresegnene § 3.1 at teknisk vegplan for nytt fortau, busshaldeplass langs Fv. 409 (no Fv. 525) skal godkjennast av Statens vegvesen før bygging. Som ei følgje av regionreforma er ansvaret for forvaltninga av fylkeskommunalt vegnett overført til Vestland fylkeskommune. Det er difor Vestland som er rette mynde å kontakta for å inngå gjennomføringsavtale knytt til offentleg veganlegg.

Byggjeplan skal utarbeidast som ein del av gjennomføringsavtale med vegmynde. I denne saka saknar vi tekniske teikningar som syner at dei ulike løysingane (kryss, kollektiv m.m.) er i tråd med handbok N100. Tekniske teikningar jfr. handbok R700 skal normalt følgje med reguleringsplanen når denne vert lagt ut til offentleg ettersyn. Teikningar skal dokumentere at dei ulike tiltaka kan gjennomførast innanfor dei arealføremåla som er vist i planen.

For å unngå mistydingar bør følgjande ordlyd innarbeidast i føresegnene:

*«Før arbeid knytt til fylkesveganlegg kan setjast i gang skal byggeplan være godkjent av rett vegmynde og det må være inngått ei gjennomføringsavtale mellom vegmynde og tiltakshavar.»*

Statens vegvesen er kritisk til dei vurderingane som er gjort i Ros-analyse med omsyn til trafikktryggleik i anleggsfase. Å vise til SHA-plan er ikkje tilstrekkeleg då ei slik plan først og fremst rettar seg mot arbeidstakarane sin tryggleik på anleggspllassen. I planområdet er det mellom anna institusjon og barnehage. Det er også fleire arbeidsplassar i Solendmyra næringsområde. Den generelle faren for alvorlege hendingar er større i anleggsperioden. Spesielt gjeld dette i møte mellom mjuke trafikantar og store køyretøy der konsekvensane av ei ulykke som oftast vil vere fatale.

Rekkefølgjekravet i § 3.3. rettar seg berre mot tiltak i område o\_BAT. Det er ikkje knytt rekkefølgjekrav til opparbeiding av veganlegg for dei andre felta. Planen regulerer ikkje utbyggingsrekkefølgje. Det må derfor gå klart fram av føresegnene at opparbeiding av dei ulike kryss og avkjørslene regulert i planen er ein føresetnad for å få igangsetjingsløye til nye tiltak innanfor planområdet.

Kva som må gjerast i samband med anleggsfase og kva som kan vente (som til dømes kantstein etc. ) kan regulerast nærmare i gjennomføringsavtale med vegmynde.



**Figur 1 Dagens avkørsle til Solendmyra næringsområde Fv. 525**

#### Oppsummering

Planframlegget som er lagt ut til offentlig ettersyn er etter Statens vegvesen si vurdering ikke tilstrekkeleg utgreidd med omsyn til eventuelle fråvik frå vegnormal N100. Statens vegvesen meiner det er naudsynt å omarbeide planframlegget på fleire sentrale punkt. Dette gjeld både plankart og føresegner. Ved behov vil vi kunne bidra med fagleg rettleiing.

Transport vest – transportforvaltning 1

Med helsing

Torun Emma Torheim  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Vår dato:  
15.12.2020

Vår ref:  
2019/5206

Dykkar dato:  
02.12.2020

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Ny avgrensa høyring - Alver - ( Radøy ) - Manger Sentrum Aust - detaljregulering - ref. 18/6712 FMHO

Vi viser til ny høyring av reguleringsplan for Manger Sentrum Aust.

Fylkesmannen har i denne planen hatt merknad til handtering av eventuelle tiltak bekken og i kantvegetasjonen. Vi har rådd til at det vert sett eit grønt belte langs vassdraget eller som minimum sikra dette i føresegna. Føresegna er no endra noko ved at det er lagt inn ei setning om at tiltak i vassdraget må ha løyve. Fylkesmannen meiner dette er ein forbetring, men meiner framleis at sikring av kantvegetasjon er for dårlig. Når kommunen ikkje legg inn eit grønt belte langs bekken, må kantvegetasjonen sikrast igjennom føresegnene. For å sikre dette på ein betre måte foreslår vi at føresegn 9.1.3 vert endra til:

Andre sikringssoner (H190): Innanfor sona skal det takast spesielt omsyn til bekken og kantvegetasjonen og sikra for ev. flaum og overvatn frå området. Innanfor arealet kan det etablerast tiltak som er naudsynt for å sikra mot flaum, erosjon og utrasing, mellom anna plastring og murar. Tiltak i vassdraget og/eller kantvegetasjonen må ha løyve før igangsetting

Fylkesmannen har elles ingen fleire merknadar til planen.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlende eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:  
Transport og samfunn Lars Ottar Sagstad / 55516434 20/14080-6 17.12.2020

### Uttale til begrensa høyring – Detaljreguleringsplan for Manger sentrum aust, planID 12602018000300

Vi viser til brev frå Alver kommune datert 02.12.2020 – Detaljregulering Manger sentrum aust, varsel om begrensa høyring. Merknadsfrist er sett til 23.12.2020.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeid er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningsliner for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vognormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretakne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

#### Saka gjeld

Saka gjeld detaljregulering av Manger sentrum. Planframlegget opnar for etablering av ny brannstasjon i Manger sentrum. Vidare representerer planarbeidet ei opprydding i eldre reguléringsplanar. Mellom anna for å regulera eksisterande avkjørsler frå Radøyvegen. Etter første gongs offentleg høyring er planframlegget justert. Mellom anna med omsyn til byggjegrenser, kulturminne og plasskrevjande næring.

#### Uttale:

Statens vegvesen hadde i sin uttale den 18.02.2020 ein del merknader til planforslaget som var til 2.gangs høyring den 03.01.2020.

Slik vi forstår vedlagt merknadsskjema er dei fleste av våre merknadar imøtekommen gjennom revidert planforslag. I tillegg er det i dialog mellom Alver kommune og Vestland fylkeskommune løyst dei fleste punkta som gjeld trafikktryggleik.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Transport og samfunn  
Postboks 1010 Nordre Ål  
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Punkt 2.2. i vedlagt trafikkanalyse frå Multiconsult tar for seg vurdering av kryssløysinga frå kommunal veg til Fv. 525. Det kjem der fram at løysing med venstrefelt og dråpeøy ikkje er mogleg å løyse innanfor planområdet.

Statens vegvesen foreslår å løyse dette med markert trafikkøy i vegbana inn til næringsområde ved bruk av vegmaling direkte i vegbana, for å skilje trafikken inn/ut av næringsområdet.

**Oppsummering:**

Statens vegvesen legg til grunn at drøftingar og avklaringar knytt til trafikksikkerheit og framkomst på desse vegane skjer i dialog med dei aktuelle vegstyresmaktene.

Dersom det vert planlagt for fråvik frå vegnormalane, legg vi til grunn at det kjem klart fram av planomtalen, og at fråviksøknader er avklara med rette styremakt før planen vert vedtatt.

Transportforvaltning Vest 3

Med helsing

Sindre Lillebø

seksjonssjef

Lars Ottar Sagstad

overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

FYLKESMANNEN I VESTLAND, Postboks 8112 DEP, 0032 OSLO

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Fråsegn til 3. gongshøyring av detaljplan for Manger sentrum aust PlanID 12602018000300 - Alver kommune

Vi viser til brev datert 29.9.2020 om høyring av forslag til detaljregulering for Manger sentrum aust. Fråsegn til 2. gongshøyring vart sent 18.2.2020, og vi kommenterer i det følgjande berre endringane frå førre høyringsrunde.

### Vurdering av planframlegget

Vi ser i gjennomgang av merknadar i merknadsoversikta som er vedlegg 1at fleire av punkta fylkeskommunen hadde, er teke til vitande med eller til følgje med kommentarar.

Merknadar om ordlyd og konkretisering i føresegna er teke til følgje og retta opp i. I tillegg har krav om opparbeiding av kommunal veg o\_SKV2 komme med som rekkefølgjekrav i føresegna. Vi ser blant anna at utforminga av kryssområdet er retta opp i planen med siktkrav så det viser 10x54 meter.

### Merknad til krysning mellom fylkes- og kommunal veg:

Vi ber at det vert retta opp i rekjkjefølgjekrav i føresegna fra «SV» til «o\_SV» for å vise til riktig veg i plankartet. Det kan også godt visast til at «o\_SV» er fylkesveg. Det vert då tydeleg her at krysninga gjeld mellom desse vegane.

I uttale frå oss datert 11.02.2020 vart det sagt at planframlegget må vurdere behov for dråpe i kryssområdet. Vurderingane kring dråpe kjem fram i ei trafikkanalyse. Her kjem det blant anna fram at tilkomst SKV9 må stengast eller flyttast for å få dette til.

Vi meiner og at tilkomst SKV8 og SKV9 dannar eit uheldig X kryss like innanfor kryssområdet mellom fylkesveg og kommunal veg. Difor vil vi tilrå og flytte SKV8 og SKV9 lengre nord i planområdet for å likevel kunne få til ei dråpe utforming. Vi vil og tilrå og flytte dei tilkomstvegane lengre frå kvarandre for å unngå dette X krysset.

Vi fått informasjon om at vegbreidda der fortau er tilbaketrukket over krysninga mellom fylkesveg 525 og kommunal veg er ca. 9,3 meter. Ettersom vegbreidde her er meir enn 8 meter vil vi vise til *Handbok V127 - Kryssingssteder for gående*. På grunnlag av dette meiner vi det heilt klar framleis er behov om dråpeutforming i krysset. Dette vil kunne gje mykje trafikantar ein pause medan dei kryssar vegen her.

### Oppsummering

Vi meiner planframlegget no har retta opp i enda fleire punkt og tatt til seg merknadar frå 2. gongs høyringa.

Ei samla vurdering er at det er tilrettelagt for, og vil komme mykje tung trafikk i krysset mellom fylkesveg 525 og kommunal veg. Difor meiner vi det framleis er behov for dråpeutforming i krysset.

mellan fylkesveg og kommunal veg, for å sikre trafikktryggleik for dei mjuke trafikantane i planområdet.

Med helsing

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Saksbehandlarar:

Liz Eva Tøllefsen, seksjon for plan, klima og folkehelse

Lillian Bakke Byrknes, seksjon for veg og infrastruktur

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND Njøsavegen 2

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Tilbakemelding - detaljreguleringsplan - Manger sentrum - planID 12602018000300 - Alver kommune

Vi viser til førespurnad fra Alver kommune om tilbakemelding om utforming av trafikkområde, datert 04.02.2021. Frist for tilbakemelding er sett til 19.02.2021.

Alver kommune ønsker ei tilbakemelding på om Vestland fylkeskommune kan godta Statens vegvesen sitt forslag til løysing for utforming av kryssområde mellom fylkesveg 525 o\_SV og kommunal veg o\_SKV2, med nærliggande plassering av avkjørslene SKV8 og SKV9.

Statens vegvesen sitt forslag er: «Statens vegvesen foreslår å løyse dette med markert trafikkøy i vegbana inn til næringsområde ved bruk av vegmaling direkte i vegbana, for å skilje trafikken inn/ut av næringsområdet.» Alver kommune ønsker å legge Statens vegvesen sitt forslag til grunn og sikre det i plan ved å ta inn eit nytt føresegns.

### Tilbakemelding

Vi vil vise til vår eigen uttale datert 17.12.2020, kvar det blei visa til at vegbreidda der fortau er tilbaketrekt mellom fylkesveg 525 og kommunal veg er ca. 9,3 meter. Etter handbok V127 skal kryssingsstader ha tilstrekkeleg med tryggleik for dei gåande. For dei gåande er eit av punkta som betydeleg skal vektleggast at kryssingslengde er maks 8 meter. Difor meiner vi det er viktig å vektlegge tryggleiken til dei mijuke trafikantane i utforminga av krysset.

Vi meiner ei trafikkøy som det mogleg å køyre over med ikkje-avvisande kantstein, etter handbok N100, vil vera eit betre alternativ. Då vil større køyretøy kunne køyre over trafikkøya, medan den vil vera fartsreduserande for mindre køyretøy som vil unngå å køyre over den. Dette alternativet vil sikre dei mijuke trafikantane som skal krysse vegen betre enn med ei måla trafikkøy. Det vil komme ei problemstilling med plassering av skilt, men denne vil og komme med trafikkøy med vegmåling.

Vestland fylkeskommune vil ikkje stille seg bak Statens vegvesen sitt forslag for utforming her. Oppsummert meiner vi at det bør sjåast på utforminga på nytt for dette krysset, hovudsakleg for å ivareta dei mijuke trafikantane.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Tilbakemelding - Ny begrensa høyring - Manger sentrum aust - PlanID 12602018000300 - Alver kommune

Vi viser til brev fra Alver kommune om ny begrensa høyring for reguleringsplan Manger sentrum aust, datert 07.09.2021. Frist for tilbakemelding er 30.09.2021. Etter vår tilbakemelding datert 18.02.2021, er det gjort nokre endringar i planforslaget.

### Uttale

Vi har gått gjennom endringane som kjem fram av ny begrensa høyring.

Det er no regulert inn ei trafikkøy i kryss mellom o\_SV1 og o\_SKV9. Det er og lagt til eit nytt føresegn § 5.4 om utforming av trafikkøy, som seier;

«Trafikkøy (o\_SVT1-2) skal opparbeidast med ikkje-avvisande kantstein, i tråd med krava gitt i Statens vegvesen si ein kvar tids gjeldande handbok N100. Plassering av eventuelle skilt skal avklarast med rett vegmynde/vegeigar.»

Det er og gjort endringar av dei nye avkøyrslene for BKB2 og BN2, som er blitt flytta lengre nord, som var noko vi har bede om tidlegare. Eksisterande avkøyrslar her er no vist med stengjesymbol i plankartet, og dei er komme med under føresegn § 3.3 om rekkefølgjekrav.

Vestland fylkeskommune akseptarar endringane som er gjort i planen i høve til trafikkøy i kryss, utforminga av den og med nytt føresegn. Vi er og positive til dei nye avkøyrslene for BKB1 og BN2 og oppdatering av rekkefølgjekrav om stenging av eksisterande avkøyrslar.

Med helsing

Hege Løtveit  
leiar

Lillian Bakke Byrknes  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

**Fra:** Kurt Jarle Ulvatn <kjaulv@hotmail.com>  
**Sendt:** onsdag 29. september 2021 12:40  
**Til:** Postmottak Alver  
**Emne:** Manger sentrum aust. PlanID 12602018000300

Viser til ovennevnte plan.

Me i Ulvatn Eiendom vil etter denne plan bli utsatt for store inngrep/forandringer på vårt område. Me har derfor nokon spørsmål som me treng svar på.

1. Me ser at vår rubbhall må flyttast , noke me ikkje har blitt informert om før . Ein hall som har stått på området sidan tidlig 1980 tallet . Kem skal ta denne kostnad ?
2. Stenging av neverande innkjørsel med ny trafikkøy og fortau/grøntområde mot riksvegen vil ta noe av vårt areale. Her har det også ved ei tidligare anledning blitt tatt areale til fortau . Kva blir dette kompensert med ?
3. Flytting av innkjørsel/utkjørsel til vårt område blir flytta lenger nord til et område me nylig har hatt store kostnader med å planere for framtidig utbygging . Her har det også komt ei begrensning på kor stor del av området vi kan utnytta. Blir dette kompensert ?

Dette er spørsmål som er viktige for oss og få svar og bli enige om før me kan gå inn for denne planen. Det beste hadde vore å hatt ei synfaring på plassen der dette blir lagt fram og diskutert.

Hører fra Dere.

Helsing  
Ulvatn Eiendom AS  
Kurt Jarle Ulvatn